

Status i prosjektet Sogn lokalmedisinske senter

Hendingar i prosjektet

- Oversyn over politisk handsaming av forprosjektrapporten i kommunane:

Kommunestyra i Lærdal, Årdal og Aurland har no gjort samrøystes vedtak om å delta i alle delar av Sogn lokalmedisinske senter.

Dei øvrige kommunane vil som kjent delta vidare i delprosjekt 2 og 3, og dei vil også kjøpe legevakttelefonester under visse føresetnader om kvalitet og pris.

Leikanger kommunestyre vil den 06.03. ta stilling til om kommunen vil delta i samarbeidet om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp.

- Prosjektplanen for hovudprosjektet vart godkjent styringsgruppa den 31.01.14.

Aktivitetar i prosjektet framover

- Stillingar

Ny 100 % stilling som leiar for Sogn lokalmedisinske senter (inkl. dagleg leiar av legevakt /legevakttelefon) vil bli utlyst med det første. Det same gjeld 20 % stilling som legevaktssjef. Det er planlagt at stillingane (om mogleg) skal tre i funksjon frå 01.05.14, slik at dei kan delta i den nærare planlegginga av senteret.

Det vil vere Lærdal kommune som vertskommune som har ansvaret for rekrutteringa og som vil ha det vidare arbeidsgjevaransvaret.

- Arbeidsgrupper

Oppretting av arbeidsgrupper i høve til

- legevaktssentral og naudnett
- delprosjekt 2 (kompetansutvikling/fagnettverk)

vil no bli teke opp til avklaring i prosjektgruppa så snart som råd.

- Møte i prosjektgruppa 07.03.14

Tema i møtet vil m.a. vere gjennomgang av prosjektplanen og konkretisering av oppgåver framover, drøfting av statusrapport, vurdering av drifts- og leiegavtale og grunnlag for evt. politisk handsaming. Det blir lagt opp til informasjon om prosjekta «Telemedisin Sogn og Fjordane» og «Samhandling for betre pasienttryggleik» i møtet.

- Første møte i arbeidsgruppe for delprosjekt 2

Ein tek sikte på at dette blir eit heil- eller halvdagsmøte med informasjon frå telemedisinprosjektet, prosjektet samhandling for betre pasienttryggleik, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetjenester. Tentativ dato er 24.03.

- Underskrift av særavtalar og søknad om midlar

Det vil bli lagt opp til underskrift av særavtale om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp innan kort tid, slik at det vil vere mogleg å søke Helsedirektoratet om midlar innan fristen 01.03.14. Dette gjeld kommunane Lærdal, Årdal og Aurland, og eventuelt Leikanger.

- Møte med Kommunal akutt døgneining i Nordfjord
Prosjektstaben vil møte representantar for samarbeidstiltaket i Nordfjord for å utveksle erfaringar den 14.03.
- Deltaking på landskonferanse om legevaktar den 18.-20.03.
Prosjektstaben deltek på konferansen og vil i tilknytning til denne også ha møte med leiinga for Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt for å drøfte erfaringar.
- Arealavklaringar
I arealprosjektet ved Lærdal sjukehus er det varsla eit snarleg møte i prosjektgruppa. Her vil ein få dei endelege arealavklaringane før kravspesifikasjonar og anbodsmateriell skal utarbeidast. Dette møtet er ikkje tidfesta enno.

Vidar Roseth
prosjektleder
916 09 261